



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Kunngjering av søknad om nytt løyve for utslepp av spylevatn – IVAR IKS, Langevatn vannbehandlingsanlegg, Gjesdal kommune

IVAR IKS har i brev av 07.03.2014 søkt Fylkesmannen i Rogaland om nytt løyve til utslepp av spylevatn frå Langevatn vannbehandlingsanlegg, gnr 2 bnr 29 i Gjesdal kommune.

Eksisterande løyve er frå 1998, med endringar seinast av 03.12.2010. Løyve gjeld utslepp av spylevatn og overløpsvatn frå behandlingsanlegget. Endringa det no er søkt om gjeld innføring av eit reinsetrinn med ozonering / biofiltrering og planlagt auke i forbruk av vatn fram mot 2050. Anlegget forsyner i dag store delar av Nord-Jæren med vatn.

Saksdokumenta vert og lagt ut og kan lastas ned frå Fylkesmannen i Rogaland sine heimesider, www.fylkesmannen.no/rogaland. Sjå under «Miljø og klima» og «Høyringar».

Uttale til søknaden kan sendast til fmropost@fylkesmannen.no eller per post til Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59 Sentrum, 4001 Stavanger, seinast fire (4) veker etter at søknaden er kunngjort i denne avis.



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.05.2014
Vår ref.: 2014/3199
Arkivnr.: 461.7

Gjesdal kommune
Rettedalen 1
4330 Ålgård

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Langevatn vannbehandlingsanlegg, Gjesdal kommune - Søknad om utvida utslepp av spylevatn - Utlegging til offentlig gjennomsyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m.v. som det bør bli tatt omsyn til ved behandling av søknaden. Frist for kommunen si uttale i saka blir sett til åtte (8) veker frå kunngjeringsdato. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentleg gjennomsyn i kommunen.

IVAR IKS (IVAR) søker etter §§ 11 og 16 i forureiningslova av 13. mars 1981 nr 6 med endringar, om nytt løyve til utslepp av spylevatn frå Langevatn vannbehandlingsanlegg, Gjesdal kommune. Vi viser til søknad av 07.03.2014.

Bakgrunn

Det eksisterande løyve er datert 24.04.1998 med endringar seinast av 03.12.2010. Løyve gir mulighet for utslepp av spylevatn frå reingjering av marmorfilter ved behandlingsanlegget. Anlegget forsyner i dag store delar av Nord-Jæren med vatn.

Det er i dag totalt 16 marmorfilter som består av fingranulert marmor. To filter vert spylt kvar dag. Spylinga vert gjennomført ved at tilførsel av rå-vatn vert vendt (frå undersida av filtra) saman med luft i til saman 9 minutt pr filter. Samla mengde spylevatn er ca 400 m³ per filter, dvs ca 800 m³ per dag.

Langevatn vannbehandlingsanlegg fekk løyve til utslepp av spylevatn første gong 22.04.1998. Siste endring er av 03.12.2010. Gjeldande krav til vasskvalitet er som fylgjer:

- pH: 6,5 – 9,5
- Turbiditet årsmiddel < 70 FTU
- Tot aluminium årsmiddel < 1 mg/l

IVAR planlegg no utviding av anlegget på Langevatn for å møte veksten i regionen. Utvidinga av vassverket består i å innføre eit behandlings trinn med ozonering / biofiltrering. Dette vil ikkje, i

følgje søknaden, medføre store endringar i spylevasskvaliteten. Mengdene spylevatn vil likevel verte betydeleg mykje større. Anlegget vert dimensjonert for eit vassforbruk i regionen fram mot 2050.

Krava knytt til aluminiumsverdiane i utsleppsvatnet har vore grunngeve ut frå omsynet til fiskehelse. Det er lagt fram uttale frå ekspertar på området som seier at aluminium ikkje er helseskadeleg for fisk ved dei pH-verdiane som er i resipienten (pH ca 7). I utløp frå sedimenteringslaguna er pH 8,0 – 8,3. Med bakgrunn i dette er det stilt spørsmål om kravet til aluminium i nytt løyve kan aukast eller sløyfast.

Kort om verksemda og søknaden

- Type verksemd: Vassverk. Produksjon av drikkevatt. Behandling av rå-vatt gjennom marmorfilter for deretter levera dette til abonnentar i IVAR sine medlemskommunar.
- Utslepp: Spylevatn som inneheld utfelte organiske og uorganiske bindingar frå reingjering av marmorfilter samt små mengder metall (vesentleg kalsium og aluminium og litt jern og mangan) som dels kjem frå rå vasskjelder og dels frå marmorfilteret. Biofiltermassen består av inert stoff (filtralite – som er knust Leca eller granulert aktivt kol).
- Eksisterande utsleppspunkt: Spylevatn vert etter opphald på eit døgn i sedimenteringslagune slept ut på 13 meters djup, 60 m frå land, Edlandsvatnet, Gjesdal kommune. To naudoverlaup med felles utsleppsleidning til Neseåna. Det er ikkje søkt om endring av utsleppsstad.
- Søknad om endring: Det er søkt om følgjande
- Innføre eit behandlingstrinn med ozonering / biofiltrering. Tilsetjing av ozon blir gjort både for desinfeksjon, fargereduksjon og lukt- og smaksforbetring. Ozon vert fort brote ned til oksygen og det skal difor ikkje vera utslepp av ozon til ytre miljø.
 - Aluminium: Det vert søkt om at grenseverdien for aluminium kan aukast eventuelt sløyfast.
 - Talet på marmorfilter vert auka frå 16 til 20. I tillegg kjem 40 biofilter av same storleik.
 - Det skal byggjast to ny sedimenteringsbasseng og eksisterande spylevasslagune skal brukast som utjammingsbasseng.
- Auke i mengde drikkevatt: I dag vert det produsert 45 mill m³ drikkevatt per år. Det er no søkt om auke i produksjonen til 75 mill m³ drikkevatt per år.
- Auke i mengde spylevatn: I dag er det utslepp av 330 000 m³ spylevatn per år. Det er no søkt om auke i utslepp til 1 150 000 m³ spylevatn per år.

Fylkesmannen sine merknader

Søknaden viser ei stor årleg auke i mengde spylevatn. Søknaden vert derfor behandla som søknad om nytt løyve.

Anlegget har vore i drift frå 1999. I følgje årsrapportane har anlegget halde krava til kvaliteten på spylevatnet gitt i løyve. I følgje søknaden, vil dokumentasjonen i årsrapporteringa stort sett vera representativ for kvaliteten på spylevatn frå marmorfilteret i det nye anlegget.

Endeleg krav til reinsing og overvåkingsprogram vil bli gitt i nytt utsleppsløyve.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen vil sørge for at søknaden vert kunngjort i Stavanger Aftenblad og i Gjesdalbuen. Utgiftene i samband med kunngjeringa, skal dekkast av søker. Kunngjeringsteksten følger ved dette brevet.

Utlekking til offentlig gjennomsyn

Dokumenta til saka skal leggst ut til offentlig gjennomsyn. Fylkesmannen ber Gjesdal kommune sørge for at dokumenta vert lagt ut ved Storahuset, Rettedalen 1 på Ålgård.

Saksdokumenta vert og lagt ut og kan lastas ned frå Fylkesmannen i Rogaland sine heimesider, www.fylkesmannen.no/rogaland. Sjå under «Miljø og klima» og «Høyringar».

Frist for uttale frå naboar og interesserte er sett til fire veker frå kunngjeringsdato.

Uttalar – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunen og fylkeskommunen si uttale vert sett til åtte (8) veker frå kunngjeringsdato.

Kommunen og fylkeskommunen vert bedt om å hente inn uttale frå kommunale og fylkeskommunale organ i den utstrekning desse finn det nødvendig. Kommunen sin uttale bør gje opplysningar om eventuelle lokale tilhøve som er mangelfullt utgreidd og om lokale / regionale tilhøve som kan verke inn på avgjerda om utsleppsløyve.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Mariann Størksen
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Mariann Størksen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Søknad frå IVAR IKS med vedlegg
2. Kunngjeringstekst
3. Løyve av 22.04.1998 med endring av 03.12.2010

Kopi utan vedlegg til:

IVAR IKS	Postboks 8134	4069	STAVANGER
Janny Idland	Sikvalandsveien 1408	4330	ÅLGÅRD
Ingrid Fuglestad	Fuglestad 15	4389	VIKESÅ
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	STAVANGER
Unni og Konrad Skurve	Rettedalsbakkane 22	4110	FORSAND
Ragnhild S Sikveland	Sælendsveien 28	4342	UNDHEIM
Stavanger og Rogaland Jeger og Fiskeforening	Kiellandsstien 26	4045	HAFRSFJORD
Aslaug Brekken	Møgedalsveien 402	4376	HELLELAND

Fredrik Bollestad
Naturvernforbundet i Rogaland

Neseveien 28
Postboks 441, Sentrum

4330 ÅLGÅRD
4002 STAVANGER



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Endret utslippstillatelse for Langevatn vannbehandlingsanlegg

Tillatelsen er gitt i medhold av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 § 11 jf § 16. Tillatelsen er gitt på grunnlag av opplysninger gitt i søknad om endring av tillatelse av 15. juli 2010, og tidligere tillatelse gitt 22. april 1998, med endring av 28. april 2004. Vilkårene framgår på side 2 til og med side 4.

Denne tillatelsen gjelder fra dags dato og erstatter tidligere tillatelser i sin helhet.

Bedriften må på forhånd avklare skriftlig med Fylkesmannen endringer den ønsker å foreta i forhold til opplysninger gitt i søknaden eller under saksbehandlingen som kan ha miljømessig betydning.

Bedriftsdata

Bedrift	IVAR IKS, Langevatn vannbehandlingsanlegg
Beliggenhet/gateadresse	Eidland, Gjesdal kommune
Postadresse	Postboks 8134, 4069 Stavanger
Kommune og fylke	1122 Gjesdal kommune, Rogaland
Org. nummer (bedrift)	986 636 412
Gårds- og bruksnummer	Gnr. 2, Bnr 29
NACE-kode og bransje	36.000
NOSE-kode	104.15.000

Fylkesmannens referanser

Arkivkode	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
461.7	1122.0036.01	4

Tillatelse gitt: 22.04.1998	Endringsnummer:	Sist endret: 03.12.2010
Marit Sundsvik Bendixen ass. fylkesmiljøvern sjef		Mariann Størksen overingeniør

¹ Jf Forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for Statens forurensningstilsyns arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven

1. Utslippsforhold

Tillatelsen gjelder utslipp av spylevann og overløpsvann fra vannbehandlingsanlegget på Eidland ved Langevatn i Gjesdal kommune. Vannbehandlingsanlegget er dimensjonert for et forbruk på 2 500 l/s. Råvannet filtreres gjennom marmorgrus, samtidig som det tilsettes CO₂ for at marmoren bedre skal løses opp i vannstrømmen. Vannet desinfiseres ved tilsetning av klor. Ammoniakk tilsettes for å få dannet kloramin (konserveringsmiddel). Til slutt tilsettes lut for å oppnå optimal pH for korrosjonskontroll. Marmorfiltrene må spyles jevnlig. Spylevannet slippes ut i Edlandsvatnet etter sedimentering i to laguner nordvest for anlegget. Råvann tilsatt CO₂ kan gå i overløp før marmorfiltrene. Overløp føres ut i Neseåna.

1.1 Resipientundersøkelse

IVAR IKS kan bli pålagt å medvirke til og/eller betale for overvåkningsundersøkelser eller liknende tiltak jf. forurensningslovens § 51 dersom Fylkesmannen mener det er nødvendig. Fylkesmannen vil vurdere å pålegge IVAR å ta opp igjen overvåkningsplanen dersom vilkår 2.1 overskrides.

2. Utslipp fra vannbehandlingsanlegget

2.1. Utslipp av spylevann og prøvetaking

Utløpsvann fra lagunen:

Det skal tas 1 døgnblandeprøve (D) hver 4. uke av spylevatnet før det slippes ut fra lagunen og til Edlandsvatnet. Prøvene skal analyseres for parametrene som er gitt i tabell 1.

	Vannføring	pH	Turbiditet FTU	Total - Al
Utløpsvann	Kontinuerlig måling	12 D pr år	12 D pr år	12 D pr år

Analyser av overnevnte prøver (tabell 1) skal skje ved hjelp av akkreditert laboratorium. Planlegging av prøvetaking og tolking av resultatene skal gjennomføres av anerkjent instans. Resultatene med konklusjon skal presenteres i årsrapporten.

Følgende krav skal være oppfylt for spylevannet som går ut av lagunen til Edlandsvatnet:

- $6 < \text{pH} < 9$
- Års middelkonsentrasjon av turbiditet skal ikke være større enn 70 FTU
- Års middelkonsentrasjon av totalt aluminium skal ikke være større enn 1 mg/l

2.2 Slam fra lagunene

Partiklene som sedimenterer ut fra spylevannet vil ligge igjen som et kalkholdig slam i lagunene. Dersom slammet fra lagunene ikke kan brukes som kalkningsmiddel i landbruket eller resirkuleres på annet vis, så må det deponeres på godkjent avfallsdeponi.

2.3 Håndtering av kjemikalier brukt i vannbehandlingsprosessen

Kjemikaliesøl eller overløp fra de ulike kjemikaliertankene skal føres til en samletank under kjemikaliefløyen. Dersom det ikke er mulig å bruke kjemikalene i samletanken om igjen i renseprosessen, må innholdet i samletanken håndteres i samsvar med avfallsforskriftens § 11 om farlig avfall.

2.4 Utslipp av overløpsvann

Utslipp av overløpsvann fra vannbehandlingsanlegget skal skje på en slik måte at en i størst mulig grad unngår skade på flora og fauna i Neseåna.

Dersom det skulle oppstå skader i Neseåna som følge av overløp fra vannbehandlingsanlegget, skal IVAR dokumentere hvilken effekt dette har hatt på Neseåna og iverksette tiltak for å avgrense skadene.

2.5 Utslipp til luft

Vannbehandlingsanlegget skal ikke gi sjenerende lukt i omgivelsene.

2.6 Utslipp av spillvann

Spillvannsavløpet fra vannbehandlingsanlegget skal kobles til offentlig avløpsnett.

3. Drift og vedlikehold

IVAR IKS er ansvarlig for at vannbehandlingsanlegget blir vedlikeholdt og drevet slik at utslippet til en hver tid er i samsvar med kravene i utslippstillatelsen. Utslippene skal reduseres til et minimum.

Vedlikehold og normale reparasjoner skal kunne utføres uten å overskride kravene i utslippstillatelsen. Større reparasjoner eller forhold som fører til utslipp utover det tillatelsen åpner for, skal godkjennes av Fylkesmannen.

4. Inspeksjon og varsling

IVAR IKS plikter å la representanter fra forurensningsmyndighetene (Fylkesmannen) eller de etater og institusjoner som Fylkesmannen gir fullmakt, inspisere anlegget til enhver tid, jf. § 50 i forurensningsloven

Fylkesmannen skal varsles omgående dersom det oppstår feil ved anlegget som fører til store utslipp, dvs. utslipp som kan ha uheldige konsekvenser for resipienten. Konsekvensene må vurderes ut fra hvor sårbar resipienten er.

Unormale tilstander ved anlegget, havari eller driftsstans som fører til unormalt store utslipp, skal snarest meldes til Fylkesmannen og helsemyndighetene. Ved akutt forurensning skal nærmeste politimyndighet straks varsles, jf. §§ 38 og 39 i forurensningsloven.

5. Rapportering

5.1 Internkontroll

I følge forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (Internkontrollforskriften) av 06.12.96, skal konsesjonsinnehaver ha et internkontrollsystem som sikrer vilkårene i tillatelsen til en hver tid er oppfylt.

5.2 Årsrapportering

Årsrapporten skal dokumentere at vilkårene i tillatelsen er oppfylt, gjøre rede for årsakene til eventuelle avvik og hva slags tiltak som er satt i verk for å rette opp påviste avvik.

Årsrapporten skal omfatte:

- Resultat fra resipientundersøkelser jf. vilkår 1.1 og 2.5
- Resultat fra utslippskontroll, jf. vilkår 2.1

Årsrapporten skal sendes til Fylkesmannen innen 1. mars hvert år